

# Strategi for ladeinfrastruktur av tunge køyretøy i Vestland

Ein strategi gir overordna retning for eit fagfelt og skal peike ut vegval, satsingsområde og eventuelle mål. Strategien legg grunnlaget for Vestland fylkeskommune sitt arbeid for ladeinfrastruktur til tunge køyretøy.

Strategien byggjer blant anna på Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024. Spesielt mål 2 – Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling. Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030, og gjere det gjennom ein brei innsats for eit nullutsleppsamfunn.

Strategien er bygd opp rundt eitt hovudmål, tre delmål og inneheld ei rekkje tiltak.

Konkrete tiltak, avtalar, verkemiddel og prioriteringar av midlar vil verte langt fram i politiske saker og årsplanar knytt til regionale planar.

Strategien gjeld frå 2024 og til den blir erstatta eller oppdatert.

## Hovudmål:

Vi byggjer i fellesskap; Vestland fylkeskommune er ein pådrivar for lading av tunge køyretøy i heile Vestland, i samarbeid med transportnæringa, utbyggjarar, kommunar og andre aktørar.

## Delmål 1:

Bidreg med verkemiddelpakker, både internt og i lag med eksterne aktørar.

### Tiltak:

- Fylkeskommunen skal koordinere godt internt og sjå fleire verkemiddel i samanheng.
- Fylkeskommunen skal koordinere sin innsats i nær dialog med eksterne aktørar.

## Delmål 2:

Det er enkelt å køyre nullutslepp i heile Vestland.

### Tiltak:

- Fylkeskommunen prioriterer i første omgang områda rundt innfartsårene til byane og sentrale strekningar for å sikre berekraftig verdiskaping.
- Det skal vere minst éin lade plass for tunge køyretøy med minimum 350 kW lade kapasitet for kvar 60 km.

## Delmål 3:

Auka bruk av nasjonale ordningar i Vestland.

### Tiltak:

- Fylkeskommunen skal ha oversikt over, og oppmode til bruk av nasjonale og andre ordningar. Det er viktig å sjå satsingane i samanheng slik at offentlege midlar utfyller kvarandre.
- Det er viktig å arbeide for fleksibilitet og tenkje heilskap, slik at flest mogeleg kan dra nytte av tilgongen på ladeinfrastruktur. Til dømes å dele på bedriftslading og depotlading, både i bynære strøk og i distrikta.